

Tryggheimhelsing



Jærens nye
bedriftsklekkeri
s. 4



Numbers – 9.
trinn sin revy om
menneskeverd
s. 6



Glød og glede
s. 12

Leirskole på Tonstadli

s. 10





Gjermund Viste

Tilsetjingsfridom under press

Livssynsfridom inneber at diskriminering av tilsette nokon gonger er lov (Lars Gule i Klassekampen). **Det er mogleg å mislike Misjonssambandet sitt homofilisyn, og likevel støtte deira rett til å mine på tvers** (leiar i Stavanger Aftenblad). Når det gjeld åndsfridom, demokrati og ytringsfridom treng vi slike stemmer i det offentlege rom.

Quo vadis, Venstre?

Nyleg stod det følgjande i avisas Dagen (10.02.): *Denne helgen har Vestfold Venstre sitt årsmøte. Stortingsrepresentant Carl-Erik Grimstad og fylkesleder Magdalena F. Lind-tvedt har levert et forslag til resolusjon om å ta statsstøtten fra friskoler som «har diskriminerende praksis overfor sine ansatte». De vil også be regjeringen følge opp friskoleloven og likestillingsloven «slik at vern mot ugrunnet diskriminering sikres».*

Opplæringslova

Det er tankevekkjande og urovekkjande å lese slikt. Vi håpar dette er å forstå som eit spontant og lokalt engasjement, meir enn som prinsipiell og gjennomtenkt Venstre-politikk. Vi har i Friskolelova eit svært godt lovverk og vern om friskular i landet vårt. Dette er godt i samsvar med formålsparagrafen i Opplæringslova. Den held fram at opplæringa bl.a. skal byggje på åndsfridom, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religiolar og livssyn. Opplæringa skal vidare vise respekt for den einskilde si overtyding.

Overordna del – verdiar og prinsipp

Regjeringa vedtok i 2017 ny generell del om grunnopplæringa, overordna del. Den

slår fast at opplæringa bl.a. skal fremme oppslutning om grunnleggjande demokratiske verdiar som gjensidig respekt, toleranse, den enkelte sin trus- og ytringsfridom og frie val. Eit demokratisk samfunn kviler på at heile befolkninga har like rettar og moglegheiter til å delta i prosessar og avgjerder. Vern av mindretaket er eit avgjørande prinsipp i ein demokratisk rettsstat og eit demokratisk samfunn, slår overordna del fast.

Aftenbladet: Rett til å mine på tvers

Aftenbladet skreiv i sin leiar (23.07.15) følgjande om Tryggheim: *Det er mulig å mislike Misjonssambandets homofilisyn, og likevel støtte deres rett til å mine på tvers.* Dette minner om den franske filosofen Voltaire (François-Marie Arouet, 1694 – 1778) og hans ytringar som har blitt samanfatta slik: *Jeg er dypt uenig i det du sier, men vil til min død forsøre din rett til å si det* (E.B.Hall, 1906). Nokon har med rette hevdat at sjølvé essensen for forsvar av ytringar er formulert i dette. Ytringsfridom er ikkje sjølvsgåd – og har aldri vore det. Voltaire måtte på grunn av ytringar leve 28 år i eksil i England. Han er eit symbol på ytringsfridomen. Leiaren i Aftenbladet heldt fram slik: *Samtidig er det ikke åpenbart at*

Tryggheim skole, og andre ideologi- eller livssynsbaserte mottakere av statsstøtte, må endre sine regelverk. Mangfoldet er viktig for ethvert samfunn, og mangfoldet rommer også grupper som går i utakt, enten utakten er motivert religiøst, politisk eller på annet vis. Hvis statsstøtte til organisasjoner, trossamfunn, kulturtildelning og alternative skoler og barnehager skal ha noe formål, må det jo være nettopp å sikre og styrke mangfoldet.

Lars Gule: Normisjon sel ikkje smør

Filosof og forskar på ekstremisme Lars Gule (tidl. generalsekretær i Humanistisk forbund) skreiv nyleg i Klassekampen (08.02.18) eit innlegg som gjeld Gjennestad vgs, Normisjon og deira verdidokument: *Livssynsfrihet innebærer at diskriminering av ansatte noen ganger er lov.* Under titelen Friskolers frirom heldt han bl.a. fram følgjande:

Hvor langt skal statens myndighet strekke seg? Skal det finnes områder som er skjermet mot de lover som gjelder ellers i samfunnet? ... Det blir problematisk dersom staten, lovgivningen og/eller flertallets normer skal overstyre en livssynsbasert overbevisning. Menneskerettighetene slår fast at livssynsfriheten er fundamental. Den gir ikke bare den enkelte rett til å tro hva han eller hun vil, men også rett til å praktisere sin tro – alene eller i sammen med andre – slik de vil, så lenge de ikke skader noen. ...

Det innebærer også at dersom det oppstår uenighet med organisasjonens grunnlag og praksis, kan man enten jobbe innenfra for å skape endringer i den retning man selv ønsker, eller man melder seg ut. Det finnes altså en «exit option». Man står fritt til å melde seg inn andre steder eller starte en ny organisasjon med et grunnlag man selv kan stå for. Dette er viktig fordi Normisjon ikke selger smør, og heller ikke er ... en møbelfabrikk ... Som livssynsorganisasjon har Normisjon rett til å være et fellesskap hvor alle bidrar til akkurat deres tolkning og praktisering av loven.

At den øverste lederen for en skole som en kristen misjonsorganisasjon eier og driver, skulle leve på en måte som klart bryter med organisasjonens grunnlag er derfor ikke akseptabelt. ...

Det innebærer at alle ansatte fort får fortrolige og trosveiledende roller, enten det er rektor eller vaktmester, kokken eller lærerne. De vil også være viktige livssynsmessige rollemodeller for elevene. Derfor kan livssynslojalitet kreves av alle som ansettes i slike organisasjoner.

Livssynsfriheten skal være romslig, ... Staten skal derfor ikke detaljregulere frivillige organisasjons (eller personer) indre liv (Gule slutt).

Takk også til Rolf Kjøde (NLA), Jan Erik Sundby (KFF) og Svein Granerud (Normisjon) som har uttala seg på mediearenaen om same tema! Samfunnet treng slike tenkjarar med prinsipiell styrke og klårleik - for at vi også i framtida kan ha håp om åndsfridom, ytringsfridom og vern om mindretakalet.

«Tala, Herre, tenaren din høyrer»

1.Sam 3,9

«Samuel, Samuel,» det var tredje gong denne natta at Samuel vakna av at nokon ropa på han. Igjen spratt han opp, og gjekk inn til presten Eli, som låg og sov. «Her er eg, du ropa på meg,» Samuel står framfor Eli, det må jo vera han som ropa, det er jo berre dei i tempelet. Samuel ser på Eli, kanskje ser han at det skjer noko i andletet til Eli, det er som om Eli plutseleg skjørnar, «Samuel, neste gong du høyrer stemma skal du svara: Tala, Herre, tenaren din høyrer.»

Samuel, ein ung gut, ein ung gut som lytta til Herren. Hendinga me nettopp las er Samuel sitt fyrste møte med Herren, fyrste gong han høyrer Herren si røyst, tala rett til han. Har du hørt Herren Jesus si røyst, plar du vakna på natta av at Han ropar på deg? I 1. Sam 3,7 står det at «Samuel kjende enno ikkje Herren, for Herrens ord var ikkje openberra for han.» Samuel kjende ikkje igjen stemma. Det var ein som måtte hjelpe Samuel til å skjøna, presten Eli, han forstod kven som hadde noko å fortelja Samuel. Han fortel Samuel kva han skal svara: «Tala, Herre, tenaren din høyrer!» 1. Sam 3,9. «...Herrens ord var enno ikkje openberra for han.» Me er i ein annan situasjon enn Samuel, for Herrens ord har blitt openberra for oss, «Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.» Joh. 1,14. Jesus, Ordet,

Han kom til verda. Levde det livet du skulle ha levd, lei den døden du skulle ha lide, men han vann, han stod opp igjen. Og det gjorde han for DEG. Høyer du hans røyst, lyttar du til kva han vil seia deg? Bodskapet Samuel fekk denne natta var ikkje lett, men han høyrde det, og han gjekk vidare med det. Samuel fekk leva eit liv saman med Herren, han fekk gå med gledesbodskap, han fekk gå med domsord, og han fekk salva kongar. Han gjorde det Herren bad han om, han var menneske, eit menneske som lærte korleis han skulle lytta til Herren si røyst. Han lytta og han handla etter det han høyrde.

Herren Jesus si røyst har dei færraste av oss hørt på same måten som Samuel fekk høyra henne. Men du har kanskje hørt henne likevel? Spørsmålet er ikkje om Jesus

vil tala til deg, for det vil Han, det er ikkje noko han heller vil. Spørsmålet er om me vil høyra, om me vil seia som Samuel «Tala, Herre, tenaren din høyrer!»

I Ordet, i Bibelen, der vil du finna Han, der kan du høyra hans røyst. Gjennom fellesskap med andre brør og systrar kan du høyra Hans røyst. Gjennom lovesong og salmar, og andre menneske som kjem på din veg. I kristne fellesskap, eller aleine i bøn, i stilla, eller med ein open Bibel.

Det er ein som vil møta deg, ein som elskar deg slik du er, ein som vil gå med deg kvar einaste dag, same kven du er, same kva du har gjort. Han vil tala til deg, Han vil brukha deg. Vil du svara «Tala, Herre, tenaren din høyrer?»



Marie Eggebø Stokke

Trekningsliste hovudtrekninga, Tryggheimbasaren

1. Møbler Bohus	2120	Unni M. Thorsen	Ålgård
2. EL-sykkel	7588	Judith og Gulleiv Stensland	Mandal
3. Reisesjekk Plussreiser	20342	Arve Sonflå	Kleppe
4. Weber gassgrill	1703	Olav Erik Dahl	Dirdal
5. Servise Hammershøi	96	Sigve Nygård	Ræge
6. Safe med elektrisk lås	24684	Hanna og Sigmund Eikeland	Eiken
7. Høytrykkspsyler Kärcher	5352	Isak Skorpen	Sandnes
8. Gavekort Fargerike Halvorsen	7427	Leonard Norheim	Norheimsund
9. Sykkeltilhenger	5952	Ellen Karin og Håkon Bø	Randaberg
10. Puter og plegg fra Elvang	17076	Inger Njærheim	Nærø
11. Bålpanne	5793	Georg Karsten Kolnes	Randaberg
12. Allværsjakke Esker	5001	Emilie Nødland	Klepp
13. Dundyner og puter	20764	Anne og Rasmus Husvegg	Varhaug
14. Lysestaker Fremover	4445	Sigmund Østebø	Mosterøy
15. Ryggsekk 50L	15392	Ragnvald Mjølsnes	Bryne
16. 4-personers telt	3453	Fam. Tron-Arild Grødem	Nærø
17. Ment vase «Egget»	20352	Berit og Glenn Skretting	Varhaug
18. 2 stk. vaser, Holmegaard	10603	Fam. Ingvald Abrahamsen	Kristiansand
19. Sovepose, Sirdal	1362	Arnfinn Valland	Egersund
20. Dukkevogn Brio	9548	Fam. Falkum	Nærø
21. Pølsetermos	16609	Geir Inge Byberg	Kleppe
22. Lastebil Bruder	20080	Siri Meling	Kristiansand
23. Traktor Bruder	21156	Ingeborg Marie Sandstøl	Helleland
24. Sparkesykkel	23349	Greta Askvik	Randaberg



Jærrens nye bedriftsklekkeri

Elevane på Vg1 elektro startar og driv si eiga forretningsverksemd i løpet av skuleåret. Her er årets ungdomsbedrifter.

Tekst: Henrik Foss. Foto: Tårn Helge Helgøy og Henrik Foss



Hjalmen UB skal utvikle ein sykkelhjelm med innebygd lue og headset. Bedrifta består av dagleg leiar Sander Eiane (f.v.), økonomiansvarleg Aleksander Helgeland og marknadsansvarleg Asbjørn Lyster.



MicroBox UB skal utvikle ein mediaspeler for dei som strøymar på Internett. Bedrifta består av marknadsansvarleg Johnny Engelsvold (f.v.), produktansvarleg Andreas Harestad, økonomiansvarleg Per Simon Haugland og dagleg leiar Jon Albert Tveita.



El-kubben UB lagar trekubbar med LED-lys til å stase opp hagar og terrassar. Bedrifta består av dagleg leiar Odd Martin Risøy Skogly (f.v.), produktansvarleg Magnus Vik og økonomi- og marknadsansvarleg Daniel Vestly.



Droneperspektiv UB fotograferer eigedomar med drone. Bedrifta består av økonomiansvarleg Lars Haarr (t.v.) og dagleg leiar Kristian Tungland.



Alt-hjelpen UB lagar lamper, forma som mann og kvinne, i heiltre eik. Bedrifta består av marknadsansvarleg Benjamin Skrettingland (f.v.), dagleg leiar Espen Svendsen og produktansvarleg Bjørn Nordgarden.



Saspo UB skal utvikle ein treningsapplikasjon for Android og IOS for folk som manglar motivasjon til å drive med fysisk aktivitet. Bedrifta består av økonomiansvarleg Per-Harald Nygaard (t.v.), produktansvarleg Christian Ledaal og dagleg leiar Einar Johnsen. Sistnemnde var ikkje til stades då biletet blei tatt.



Light it UB lagar LED-lysande glasplater med kunden sitt sjølvvalde motiv. Bedrifta består av personalsjef Asle Haddeland (t.v.), økonomi- og produktansvarleg Hallvard Thuestad og dagleg leiar Hans Kristian Austevoll. Sistnemnde var ikkje til stades då biletet blei tatt.



The R3TAIL3RS UB sel klede frå Streetwear-leverandørar som Supreme. Bedrifta tilbyr også generar med kunden sitt sjølvvalde motiv. Bedrifta består av produktansvarleg John Fredrik Byberg (f.v.), økonomiansvarleg Knut Salte, personalsjef Lars Kjetil Riska og dagleg leiar Stian Rørtvedt.



Tullekoppene UB skal lage Tryggheim-koppar. Bedrifta består av produktansvarleg Gaute Vik Helland (f.v.), dagleg leiar Benjamin Valheim og marknadsansvarleg Magnus Skjørestad.



Stylish Wood Electronics UB skal lage ein bluetooth-høgtalar i tre. Bedrifta består av dagleg leiar Håvard Eggebø, økonomiansvarleg Tore Andreas Jenssen (f.v.) og produktansvarleg Oscar Apeland Gonzales.

Tre nye fag i folden

Til hausten startar vidaregåande tre nye programfag, ei stor utviding av det eksisterande tilbodet. Faga er Entreprenørskap og bedriftsutvikling, Teknologi og forskingslære, og Programmering og modellering. Det første er eit 5-timarsfag, medan dei to siste er såkalla X-fag med tre timar i veka. To spanande ting med desse faga er at store delar kan praksisorienterast, og at dei kvar for seg har emnekretsar som kan kjennast att frå prosjekt i næringslivet. Elevane vil forhåpentlegvis få verdifull arbeidslivserfaring når dei må søka støtte og samarbeida med andre fag og disiplinar for ei optimal prosjektrealisering.

Tekst og foto: Knut Handeland

Me gler oss til oppstart av fag som har ei klarare nærings- og arbeidslivretning enn eksisterande tilbod. Praksisorienteringa kan også gje rom for utvikling av praktisk skjøn og løysingsorientert kreativitet, sider som i stor grad ligg brakk på studiespesialiserande. Her kjem små glimt av dei nye faga.

Entreprenørskapsfaget vil bli bygd opp kring ungdomsbedrifter (UB), ein praksisnær metode å læra på. Både produkt og tenester kan danna grunnlag for forretningsideen, ein kan bygga på eit talent eller ein eigenskap ein har. Viktigast er det å brenna for eit konsept som let seg omsetja. Den ideelle organisasjonen Ungt Entreprenørskap har eit ferdigutvikla rammeverk med fleire arrangement, treffpunkt og kåringar utover skuleåret, til inspirasjon, laring og nettverksbygging, tilbod som me i stor grad vil nyitta oss av.

Med sitt kallsorienterte medvit er Hans Nielsen Hauge eit naturleg forbilde for oss; han starta 30 verksemder, var involvert i 150 og fekk i gang 7000-8000 arbeidsplassar. Han var ikkje ein profittmaksimator, men i alt han involverte seg i hadde han eit høgare formål for auga, ein tankegang verdt å adoptera under mottoet Gud til ære - oss til gagn. Vi vil difor mellom anna besøka bedrifter som ein kan la seg inspirera av når det gjeld slike grunnhaldningar.

Programmering og modellering er eit fag som kviler ein del på matematikk, sidan ulike former for rekning er sentralt i utvikling av visse typar modellar. Koding, simulering med eksperimentelle data og digital problemløysing er andre stikkord frå læreplanen. Erik Boge viser uoppfordra fram spanande høgdepunkt frå kapittelet Populasjonsdynamikk i den rykande ferske læreboka.

Kristian Rød Klausen gler seg til oppstart av programfaget Teknologi og forskingslære. Han kan få brukt mykje av erfaringa og fagkunnskapen som sivilingeniør, både når det gjeld berekning, val av energisystem, teikning og generelle løysingar.

Kva utfordringar møter deg som lærar i det nye programfaget?

- Opgåva blir å inspirera elevane til å laga eit produkt, eller helst ein konstruksjon. Fyrst ein idefase, så ein planleggingsfase der me rissar opp eit grunndesign, ikkje som vakre linjer, men med fokus på funksjonalitet, så teikna, berekna og byggja. Utfordringa blir å halda oss på eit sobert nivå, ikkje så ambisiøst at det sprenger tidsrammene for faget. Dette er og ein del av ingenirkvarden, å læra seg å få god samanheng mellom tidsramme, budsjett og kvalitet i produktet.

Kva kan dei som vel dette faget venta seg?

- Elevane skal vera med og velja eit temaområde, til dømes atomkraft, det grøne skiftet, eller eit anna. Det er stort sannsyn for at det blir ein konstruksjon som treng eit styringssystem med sensorar, der eg håper å involvera elektro- og programme-



Kristian Rød Klausen blir lærar i Teknologi og forskingslære.

ringskompetansen på bruket. Det er også ein forskardel i faget, så det vil vera aktuelt å køyra våre eigne naturvitenskaplege forskingsprosjekt. Tema for dette vil og bli valt saman med elevane. Så ligg det og i faget at elevane skal setja seg inn i nokre gamle og nye teknologiar og forstå kva rolle dei spelar i duppodingsar frå ulike tider.

Er det noko elevane kan førebu seg på før hausten?

- Det blir ganske tidleg i året nødvendig å læra seg konstruksjon i 3D, og dei vil få opplæring i eit program som heiter Autodesk Fusion 360. Det er gratis og kan gjerne lastast ned med ein gong. Vil du ha ein «hot» start i faget, er det smart å kunna litt om dette før du startar.



Erik Boge blir lærar i Programmering og modellering.

Numbers – 9. trinn sin revy om menneskeverd

Revyen Numbers går føre seg i eit fanta-siland. Folk der får poeng etter ansikt, kropp, intelligens, hjarte og popularitet. Ein verdimaskin som skannar personane og viser verdiane deira, kjem i hendene på feil folk.

- Tekst: Sebastian Egeland Johansen, Petter Nåvik-Husveg og Mads Even Hobberstad
- Foto: Brian Taksdal Engen

I starten møter me hovudpersonane Frida, Viggo og Lasse, som diskuterer kven som har det finaste ansiktet. Ei jente som heiter Sofie klarer å endra på verdimaskinen slik at den berre viser verdien på ansikt. Då får ho får eit høgare tal enn andre, og ho kjenner seg veldig bra. Me får vera med på eit par rundar gjennom nokre av kategoriane, før tre agentar kjem og stiller verdimaskinen inn på «menneskeverd», då får alle full pott, 10 poeng (dette skal gangast med 7, sidan menneskeverdet er mykje viktigare enn alle dei andre kategoriane). Frida og Lasse liker ikkje dette, og endrar maskinen til «popularitet», slik at dei sjølv får høgast verdi. Ei blind jente som heiter Beate vil fiksa det, men ho er uheldig og endrar maskinen til «minste verdi».

Alle innbyggjarane får berre vist den kategorien der dei har minst verdi, alle mistar sjølvtilitten, og sjølv om dei er veldig usikre, blir dei samde om å stilla verdimaskinen inn på «sum». Det viser seg då at når alle summane og menneskeverdet blir lagt saman, har alle ein sum på 100. Men agentane avsluttar med å seia at folk ikkje skal vera opptekne av alle poenga sine (dei ber poenga på eit skilt på brystet). Når folk snur skilta sine, finn dei sine eigne namn, og alle får vera seg sjølv.



Dansegruppe under revyen.

- Tekst og foto: Eline Svendsen,
- Markus Emil Østby og Linnea Paulsen



Skodespelar Ronja Jensen Nærland.



Forfattar og regissør Sigurd Idland.

Intervju med forfattar og regissør: Sigurd Idland

Korleis kom du på å skriva dette stykket?

- Det er ein idé eg har hatt i mange år. Då eg var med i ein tidlegare revy, fekk eg denne idén. Eg begynte på idén, men fekk ikkje gjort den ferdig då. Men nå fekk eg gjort den ferdig i vinter, og det enda opp som revyen «Numbers».

Har du skrive mange revyar før?

- Ja, eg har skrive fem eller seks.

Kva ønsker du å få fram i dette stykket?

- At alle menneske er like verdifulle, og at me ikkje treng å samanlikne oss med kvarandre, fordi me alle har gode eigenskapar. Kva fekk deg til å begynne å skrive revyar?

- Eg hadde vore med på førestillingar som andre hadde skrive, så lærte dei meg litt, og så fekk eg ein idé og tenkte at dette må eg få til. Så begynte eg å skriva, og så blei det ganske bra.

Kva er gildast med å arbeide med ein revy?

- Eg synest det er gildast når me får ting til, at alle har sine oppgåver og viser kva dei er gode til, og at me får ein førestilling me er stolte av og berre har lyst å vise igjen og igjen. Så er det alltid gildt når me er ein fin og samansveisa gjeng.



9. trinn stilte med eige band og solistar under revyen.

Intervju med skodespelar Ronja Jensen Nærland:

Kvifor ville du vere skodespelar?

- Fordi det høyrdest veldig kjekt ut, og eg liker å halde på med teater.

Er det vanskeleg å pugge og hugse alle replikkane?

- Ja, det er litt vanskeleg først, men me øver jo, så det går bra.

Samarbeider de bra på gruppa?

- Ja, det synest eg. Me blir einigje veldig fort.

Besøkshelg gjer valet vanskeleg



F.v. Marthea Lende, Amalie Viste, Gina Sørli, Amalie Stokka, Ruth Helgøy, Knut Einar Heddeslid Djuvet, Loke Krag og Anneli Kronberg er nokre av elevane frå Tryggheim ungdomsskule som har vore på besøkshelger på ulike internatskulare.

Fleire av elevane ved Tryggheim ungdomsskule seier at besøkshelgene internatskulane inviterer til, gjer valet av vidaregåande skule vanskelegare. «Me får veldig positivt inntrykk av alle skulane,» seier Marthea Lende, «det blir helst vanskelegare å velja etter at me har vore på besøk.» Likevel er dei elevane Tryggheimhelsing har snakka med, samstemde i at det var positivt med besøk. «Nå veit me meir kva me går til,» fortel Ruth Helgøy.

Tekst og foto: Håkon Haugland

Det er mykje som skal vurderast før ein vel. **Kva skal vener? Kva vil eg arbeida med resten av livet? Kanskje eg aldri flyttar heim igjen? Eg må vaska kleda sjølv. Eg har ingen å øvingskøyra med. Eg får kort veg til skulen.** Desse spørsmåla og utfordringane er døme på ting ein må ta med i tankearbeitet.

Samstundes ser elevane fram til å bli sjølvstendige og at dei kan etablera gode, varige venskap. Relasjonane blir sterke mellom dei som deler internatlivet. «Alle var interesserte i å bli kjente med andre,» fortel Marthea Lende, medan Amalie Stokka legg til at ho opplevde miljøet på skulane som veldig bra.

Nokre av elevane er allereie sikre på at dei reiser til internatskule. Heilt til Tomb i Østfold reiste ein av elevane ved Tryggheim ungdomsskule for å vera med på besøkshelg. Anneli Kronberg fekk eit positivt inntrykk av Normisjon-skulen i Østfold, og sit spesielt igjen med eit godt inntrykk av lærarar og andre tilsette ved skulen. Ho har søkt skule- og internatplass, og satsar på å bli austlending i løpet av august.

For andre er det framleis litt usikkert om det blir internatliv, eller om dei vel å halda seg i heimen nokre år til, men Tryggheim ungdomsskule kjem uansett til å senda ein del elevar ut i den store verda når dei nå er ferdige med tre trygge år på ungdomsskulen.

Leiarhjørnet



Tron-Arild Grødem

Det å få arbeida på ein stad som Tryggheim gjev meg mange gleder og oppturar. Det er meiningsfullt å få vera med på å bringa vidare kristne verdiar, haldningar og ikkje minst Guds ord.

Denne veka har 9. trinn øvd inn stykket «Numbers» og synt det fram for medelevar, foreldre, sysken og andre born og ungdommar på Jæren. Stykket som Sigurd Idland har skrive, tek opp emnet menneskeverd. Kva er det som gjev menneska verdi? Er det eigenskapar, utsjånad, popularitet, intel-ligens, haldning til medmenneska, eller...? Det er fantastisk, og ikkje så lite rørande, når elevane gjennom stykket får vist at det ikkje er desse eigenskapane som gjev menneska verdi. Verdien ligg i at me alle er skapte i Guds bilet, med same menneskeverd. Verdien vår ligg ikkje i det me eig eller får til, men i det at me er til. Me er elska av Gud, me er unike og har same uendelige verdi. Kvar av oss kan få sjå på seg sjølv som uttrykk for Guds gode skaparvilje. Med eit slikt perspektiv gjev det ikkje meining i å rangera menneska sin verdi.

Det uroar meg at det i dagens samfunn er mange som slit med psykiske problem. Stadig er det unge jenter og gutter som har vaskar med seg sjølv og med dei som ein har rundt seg. Helsesystrer, kontaktlærarar, sosiallærarar, miljøterapeutar og fagarbeidarar sit stadig i samtalar med unge som slit med å meistra kvardagen. Krava som dei set til seg sjølv, blir uoverkomelege. «Eg klarar ikkje meir, eg er så sliten,» er ord som stadig blir brukt.

Mitt ynskje var at me skulle få vera med på å syna elevane at verdien vår ikkje ligg i vår popularitet eller i ein eller annan eigenskap. Verdien ligg i noko utanfor oss sjølv. Noko som står fast og som ikkje endrar seg. I brevet til Hebreane 13,8 står det: «Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.» Det står og Klagesongane 3, 21-26: «Men éin ting legg eg meg på hjartet, og dette gjev meg von: Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgen. Din truskap er stor. Eg seier: Herren er min del, eg set mi von til han. Herren er god mot dei som ventar på han og sökjer han. Det er godt å vera stille og venta på hjelp frå Herren..»

Polen, pølser og piano, og litt farse

Tryggheim har eit stort svart instrument med innkjøpspris kring årsløna til to adjunktar med full opptening, og forma til ein stor påkøyrd makrellboks på hjul. Det er slik eit flygel skal sjå ut, og for å oppretthalde form og funksjonsnivå må det tid om anna stemmast og kontrollerast for seinskader og geriatriske brot i grunnstrukturen.

Tekst og foto: Knut Handeland

Lesarar frå rurale strok som hugsar tida før fastlækjarordninga omskapte primærhelsetenesta til ei Kafka-inspirert brukarfinsiert koordinasjon etter pølsebuprinsippet, hugsar sikkert at når sott og krimsjuka hadde teke for seg i familien, då kom lækaren heim og friskna huslyden med mynd og Globoid. Det var ofte så lite som skulle til i tida før placebo-effekt blei eit uttrykk i allemannseige; eit handtrykk og litt romstering i lærvaska kunne senka feberen fleire grader. No må bestemødre med dobbelsidig lårhalsbrot kreka seg på glattholka til helsehuset, vel vitande om at dei truleg kan meir om eigen tilstand og utsikter enn lækjaren, etter at den nettbaserte kunnskapsdemokratiseringa har gjort sjølvdiagnosering til ein folkesjukdom.

No skal ordninga prøvast ut på flygel òg. Pianolækjaren kjem ikkje heim lenger. Og me tenkjer: Alle skal med! Eit gammalt flygel kan ikkje stogge utviklinga, uansett kor tungt det gjer seg. Framover ventar ein EU-kontroll i bokstaveleg forstand, flygelet skal nemleg sendast til Polen for helsesjekk og rehabiliteringsophphald. EØS-avtala opnar for fri flyt av varer og tenester i heile avtaleområdet, og vårt sjølvrådige flygel har valt fastlækjar i Polen, noko som eigentleg ikkje er snodigare enn at polske lækjarar tek seg arbeid i Noreg, trass i at det openbert bur sjuke folk i Polen òg. Her må me berre arbeide med våre eigne fordommar, vere dynamiske og henge med i utviklinga. Flygelet reiser midt i mars og er tidlegast tilbake om 4-5 månader, men som helsepersonellet rundt uttrykte det: «Erfaringsmessig kan det ta opptil eitt år». Og det er jo slik me veit i dag, at dersom ein har møtt veggen ordentleg - og kjenner seg heilt utspeilt - tek det tid å kome tilbake.

Me som står rundt kan uroast for så mangt, til dømes den lange reisa, for EØS-avtalen gjer ikkje nødvendigvis grensepasseringane saumlause i den globale landsbyen. Og ein gjer ikkje unntak for denne typen sjuketransport, noko ei norsk pianoforetning skildrar godt i fakismilien til høgre:



Aspheim Flygel og Pianosenter A/S

5. august 2017

Som mange kanskje vet, sendes endel gamle flygler og pianoer fra Norge, til Kalitz i Polen for dyprenovering. For elfenbensbelegg er prosedyren som følger: Søknad om eksporttillatelse sendes til det norske Miljødirektoratet, og tillatelse innvilges i løpet av ca 14 dager. Så må mottakeren i Polen søke om importtillatelse. Tillatelse innvilges i løpet av ca 8 uker, og elfenbenet kan sendes over grensen. Det har derfor blitt rutine hos oss at instrumentene sendes uten klaviatur, og klaviaturet sendes separat senere. På fredag sendte vi 2 esker med klaviaturer (med tillatelse) Den ene esken ble imidlertid nektet utført, da den viste seg å inneholde 52 tangenter, og ikke 50, som det sto i tillatelsen. Bilen måtte snu på Svinnesund og kjøre til Halden, hvor esken ble levert hos vår kollega. Så nå søker vi om ny eksporttillatelse, og våre polske venner må, når tiden kommer, søke om ny importtillatelse.

Vi vil gjerne få gratulere norske tollmyndigheter med årvåken innsats i jobben, og takke for at et forsøk på alvorlig miljøkriminalitet ble avdekket.



Me håpar å unngå organdemontering og klatt i klaviaturet, og vil kome attende med friske diagnosenyhende frå sjukejournalen når pasientstoda er endra. Så håpar me det endar betre enn i siste verset av Jakob Sande-diktet Likfunn: «...men beina kom heile heim».


Spilt helg



Elever satt i dyp konsentrasjon foran PC-skjermene sine i gymsalen.

Tekst: Henrik Foss
Foto: Tårn Helge Helgøy

Fotballer var byttet ut med mus og tastatur da om lag 50 dataspillende elever inntok en halvmørk gymsal den første helga i februar. Med headset på hodene og PC-skjermer foran øynene konkurrerte entusiastiske ungdommer to dager til ende. Datatreffet, som bærer navnet LAN, holdes på Tryggheim et par ganger i halvåret. Fritidsleder og primus motor på høygir, Tårn Helge Helgøy, omtaler vinterens arrangement som en suksess, og garanterer gjentakelse.



Om lag 50 elever deltok på vinterens datatreff.



Elever trimmet hjernen i gymsalen.

ELEVSTEMNET 2018

Elevstemnet vert i år
arrangert fredag 22.
og laurdag 23. juni.

INVITASJON

Dei som gjekk på Tryggheim 1947-1948 (70-årsjubilantar), 1957-1958 (60-årsjubilantar) og 1967-1968 (50-årsjubilantar) er invitert fredag 22. juni og laurdag 23. juni. Dei som gjekk ut i 1978 (40-årsjubilantar), 1988 (30-årsjubilantar), 1998 (20-årsjubilantar) og 2008 (10-årsjubilantar) er invitert laurdag 23. juni til festsamvær klokka 13.30.

PROGRAM ELEVSTEMNET 2018

Fredag 22. juni

16:30: Innkvartering 50-, 60- og 70-årsjubilantar
18:00: Kveldsmat
19:30: Fellessamling

Laurdag 23. juni

08:30: Frukost
10:00: Samling i daglegstova
11:00: Omvising på skulen
11:30: Lunsj
13:00: 40-, 30-, 20- og 10-årsjubilantar kjem
13:30: Festsamvær i møtesalen
15:30: Festmiddag i matsalen
17:00: Kaffi og samling i grupper



Gaute Vik Helland, Benjamin Valheim og Magnus Skjørestad koser seg med pølser på medbragt primus.



Slalåmgjengen er klar til å sette utfør.

Leirskole

Tekst: Anne-Berit G. Aanestad.

Foto: Anne-Berit G. Aanestad
og Kjetil Fylling

Tradisjonen tro var alle elevene i VG1-klassene med på leirskole fordelt på to uker i februar/mars på Tonstadli i Sirdal. Denne gangen var det usedvanlig kaldt, men

elevene hadde godt humør og viste at de var i stand til å kle seg etter været. En dag var det så kaldt at det i kombinasjon med vind på toppene kunne føles som ned i -40°C, og da ble alle skitrekkene stengt. Men det var ingen sure miner av den grunn, og alle fant på noe å gjøre enten ute eller inne. Her er noen glimt fra leirskolen til 1ST og 1EL.



Når det ble for kaldt ute, var det nok å finne på inne.



Miljøarbeiderne Glenn og Håkon hadde definitivt bakkens mest kreative slalåmdresser.



Silje og Marta Elvira har grepet mikrofonen.



Klart for bålstekte pølser.



...Og Bjørghild har sørget for pølsebrødene.

MENNESKEVERD

Skrivekonkurranse for elever ved NLMvgs

Tema: Menneskeverd

Noen stikkord som kan være aktuelle:
Sorteringssamfunnet. Downs syndrom. Abort. Aktiv dødshjelp. Hva er vel et menneske (Salme 8)? Hva er et godt samfunn? Likeverd.

Skriv en saktekst: essay, kronikk, fagartikkel eller debattinnlegg.

Fine pengepremier.

Innleveringsfrist: 10. april 2018.

Lever teksten digitalt til din norsklærer.

Skriver om menneskeverd

- Gå rett på sak, husk gode argumenter og tenk gjennom hvilke motargumenter du kan møte, er Espen Ottosens råd til dem som skal delta i konkurransen.

Tekst: Bjørg Topnes

Norsksekksjonen ved Tryggheim vgs har tatt initiativet til en skrivekonkurranse i vårsemesteret, og i skrivende stund vet vi at mange Tryggheim-elever er godt i gang med sin tekst. De skal skrive en saktekst med temaet «menneskeverd», og etter det vi erfarer har elevene valgt svært ulike innfallsvinkler til dette. Dermed vil juryen trolig få et variert tekstmateriale på bordet.

Espen Ottosen, informasjonsleder i NLM og jurymedlem, mener få ting er viktigere for å vurdere kvaliteten på et samfunn enn om menneskeverdet til den enkelte blir

ivaretatt.

- Kanskje er det lett å ta menneskeverdet for gitt i et land som Norge, men mitt inntrykk er at ulike utviklingstrekk i samfunnet tilsier at også dagens ungdom må forberede seg til å kjempe for menneskelivets ukrenkelighet og verdi, sier han.

Tidligere Tryggheim-elev Ingrid Vatnar Olsen, som også er medlem av juryen, peker på det samme.

- Det er avgjørende at vi som unge bruker muligheten til å skrive tekster som kan bidra til å gi vårt samfunn sunne og gode perspektiver. Vi skal være å ha meninger som står imot populærkulturens holdninger, og bruke dem for alt de er verdt, understreker hun.

Noen av skribentene er drevet av engasjement, ytringsbehov og skrivelyst, mens andre slår to fluer i ett smekk og benytter muligheten til å skrive teksten som en innleveringsoppgave i norskfaget.

Også elever fra andre av NLMs videregående skoler er invitert til å delta, og en pen pengepremie for de beste bidragene lokker

der framme. Foruten Ottosen og Vatnar Olsen består juryen av norsklærere ved tre NLM-skoler. Innleveringsfristen er satt til 10. april.

Tryggheimkalender

MARS

Man. 26. Start påskeferie
Tirs. 3.4. Første skoledag etter påske

APRIL

Man. 30. Misjonsløp

MAI

Fre. 11. Fridag
Fre. 18. Fridag

JUNI

Tors. 7. og tirs. 12. Muntlige eksamener
Fre. 15. Avslutningsfest

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Bjørg Topnes
Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Vissste du at...

Amir-Toma Solati (AA 02-05) og Rose Elin Austad Nes giftet seg 14. oktober.
Bjørghild Serina Bjuland (lærer 17-) og Jørgen Baksaas giftet seg 6. januar.

Emil Vatne (Usk. 13-16) deltar i Paralympics i Pyeongchang i kjelkehockey som yngstemann (18) i den norske troppen.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klassel!).

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø

Glød og glede

Tryggheimshistorias første poesifestival blei ein suksess!

Tekst: Knut Handeland
Foto: Tårn Helge Helgøy

Temaet for poesifestivalen for yrkesfagelevar var «Songlyrikk», med undertittelen: «Frå Shakespeare til Trygve Bjerkrheim». Dyktige musikarar, songarar og opplesarar blant tilsette og elevar gjorde mini-festivalen i møtesalen onsdag 7. februar til ei utradisjonell og lystbetont læringsøkt. Raudbrus og lappar i pausen gav god smøring til trivsel og lyrisk stemning under Kveik poesifestival. Stemninga levde opp til festivalnamnet Kveik, som tyder å tenne opp og sette mot i. Arrangementet fekk positiv omtale i både Jærbladet og NRK Rogaland.



John Gravdal (t.h.) og Henrik Foss fekk forsamlinga med seg på allsongen «Bonde» av Tønes.



Vg1-elev Sunnvia Muren tolka nynorskversjonen av Bob Dylans Make You Feel My Love.



Vg3-elev Ida Celine Dirdal og tidlegare lærar Magne Vatland deltok i salmeavdelinga.



Eli Bjuland (t.h.) og Anne Lise H. Flatebø steikte og serverte lappar i festivalpausen.



Det var urframføring av salmen «Skapinga».



Sofie Braut deklamerte eit utdrag frå Ibsens «Terje Vigen».